

# ÅRSRAPPORT FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL NASJONALPARKSTYRET FOR JOTUNHEIMEN OG UTLADALEN 2015



Utsyn frå Skardalstind 21. august (Foto: Odd Repp)

**SNO tilsette: Rigmor Solem**

**I tillegg er det kjøpt tenester av: Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, Årdal fjellstyre, Stiftinga Utladalen Naturhus i Årdal, Utladalen Sameige i Luster, Storådalen Beitelag i Lom og Thomas Aslaksby i Øystre Slidre**

## 1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn, informasjon mv

Kort orientering i henhold til faktisk aktivitet og bestillingsdialogen:

Oppsyn i felt: 2378 timar (inkl reise og klargjering)

Kontor/møter/samlingar/adm: 711 timar

Informerte i felt : 1964 personar

Kontrollerte: 53

Advarslar: 4

Rapport til nasjonalparkstyret: 5

Anmeldelse til politiet: 1

Aktivitet mht rovvilt rapporteres gjennom rovbasen og er ikkje med i denne rapporten.

### Villrein

#### *Kort om aktivitet*

SNO har eit spesielt fokus på villreinstamma i Vest-Jotunheimen. Dette skuldast m.a.ein kraftig nedgang i åra 2006 – 2009. Etter mange år med jaktfreding vart det i 2014 opna opp for jakt att. Oppsyn i samband med store arrangement i området rundt Turtagrø, tidleg brøyting av Tindevegen og utfarten utpå vårvinteren vert prioritert.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Villreinflakken bruka delar av nasjonalparken i området Soleibotn-Svartafjellet-Fanaråken heile vinteren. Delar av flokken bruka området aust for Tindevegen store delar av vinteren. Simle/ungdyr drog vestover halvøya i mars. 50 - 60 bukkar vart verande att heile sommaren. Nokre få bukkar held til på austsida av Hurrungane. Gode beiteforhold utover seinsommaren etter at snøen smelta vekk særst seint.

Kalving rundt 10. – 12. mai (10. mai i fjor). Fleire store kalvar felt under jakta, men og ein del smått. Ca 350 dyr før kalving (390 i fjor). Ca 75 – 80 kalvar født.

Jakt frå 20. august – 10. september. Felles jakt. Dei største bukkane var over 80 kg slaktvekt. Den største var 101 kg. Feit og fin! Men i år var det mange magre simler.

Som det er sagt tidlegare år kan nok brøytinga av «Tindevegen» i månadsskiftet april-mai vere ei utfordring for reinstrekket mellom halvøya og områda austafør. Meterhøge brøytekantar vert ei fysisk sperre som hindrar reinstrekket til/frå gode vårbeite i Austabotn og Gravidalen. I år var brøytekantane ekstra høge. For å lette passering av Tindevegen vert brøytekantane høvla ned på enkelte punkt.

#### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Villrein og ferdsel er eit tema som bør følgjast opp. Spesielt gjeld dette i samband med dei store arrangementa i området Turtagrø/Fanaråken/Hurrungane og rundt opning av Tindevegen i månadsskiftet april/mai.



Villreinbukkar på Gravidalsbandet



Villreinjakt i Gravidalen

## **Rovfuglar, ugler og andre fuglar**

### *Kort om aktivitet*

Under oppsynsturane i Utladalen er kongeørn registrert med jamne mellomrom heile året, men det vart ikkje påvist hekking ved dei kjente reirplassane i år (same i fjor) I Knutshø vart det heller ikkje i år påvist hekking av kongeørn ved den kjente reirlokalteten (sist gong var i 2013). Jaktfalk observert i Gjendeområdet ved fleire høve utan at hekking vart påvist. Elles færre observasjonar av dei vanlege rovfuglartane som tårnfalk, fjellvåk og kattugle. Utover seinvinteren var det ein del ryper å sjå på dei faste plassane i skogbandet, men ein kald sommar med særst sein snøsmelting verka nok inn og det var få og små kull å sjå utover seinsommar og haust. Artsobservasjonane er lagt inn i artsobs.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Særst lite smågnagarar å sjå i sommar og haust etter eit brukbart smågnagarår i 2014.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Halde fram registreringsarbeidet, med spesielt vekt på hekketida utover vinter og vår. Følgje spesielt med aktivitet som kan uroe i den sårbare tida for hekking/ynghing.

## **Kontroll av dispensasjonar**

### *Kort om aktivitet*

I løpet av året er det utført ein del kontrollar for å sjekke at aktiviteten skjer i samsvar med vilkåra i dispensasjonar.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

I enkelte høve blir vilkåra i løyve til nyttekjøring strekt vel langt. Også i år er det meldt frå til nasjonalparkstyret om dette. M.a vart det sendt ein rapport på helikopterlanding ved ei turisthytte.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Viktig med god dialog med dei som har dispensasjon frå vernereglane.

## **Ulovlege tiltak**

### *Kort om aktivitet*

Rapportering til nasjonalparkstyret om ei stor gruppe på 130 danske speidarar på fleirdagstur. Gruppeleiaren vart informert av oppsynet om kravet om dispensasjon vedkomande organisert ferdsel med gruppe over 50 personar i nasjonalparken. Speidarane telte ved brua på sørsida av Veo ved Glitterheim. Gruppen etterlet seg mange doplassar med papir og våtserviettar. Rapportering til nasjonalparkstyret om unødig bruk av motorisert kjørety ved turistbedrift. Fleire tilfelle av laushund. Oppsynet i Lom rapporterte ein hundeeigar til politiet etter fleire lovbrøt oppe på Galdhøpiggen. Også i år har det vore tilløp til ulovleg tilrettelegging langs stien over Knutshø. Eit klatretau vart ved fleire høve set opp i det første bratte partiet. Dette vart fjerna av oppsynet. Elles har skilt og merking vore sjekka og funne i orden heile sommaren

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Viktig at vilkåra i dispensasjonar blir kommunisert godt til den/dei som i praksis skal utføre tiltaket eller transporten.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Følgje opp dispensasjonar og varsle frå til nasjonalparkstyret ved avvik frå vilkåra. Følgje nøye med tilstanden langs stien over Knutshø.

## **Ferdselsteljarar**

### *Kort om aktivitet:*

I sommar vart det sett opp tre ferdselsteljarar av typen ECO-counter ved Knutshø og oppe på Sognefjellet. For nokre år sia prøvde vi ut ECO-counter ved Besseggenstien og stien i Helgedalen, før stidelet mot Fannaråken og Utladalen. Dei førre teljarane var av typen som registrerte kroppsvarme innafor ein avstand på 4 meter frå passerande via ein censor skjult i ein varde, skiltstope eller liknande. Dei nye teljarane er av typen trakkplate kopla til ein elektronisk teljar grave ned i bakken i stien på ein godt eigna plass. Utfordringa er å finne ein optimal plass der alle passerar dette punktet, ein og ein. I tillegg må teljarane helst vere plassert der det er mobildekning, slik at registrerte tal kan sendast via GSM. Ein vil da kunne følgje med på registreringane utan å sjekke teljaren fysisk i terrenget.


Teljarane vart utplassert noko seint på sommaren, i siste halvdel av juli. Dette skuldast at det var først da dei kom frå leverandøren, og før det var det såpass mykje snø oppe på Sognefjellet, at det ikkje var råd å få grave ned teljarane tidlegare.

### *Utfordringar:*

Ikkje enkelt å få plassert ut teljarane på den mest optimale plassen både når det gjeld å sikre pålitelege tal og samstundes ha god mobildekning. Derfor må ein nok sjekke teljarane fleire gonger i løpet av sesongen.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år:*

Satse på tidlegare sesongstart (mindre snø tidleg på sommaren). Sjekke om teljarane registrerar mest muleg korrekte passeringar ved å telje manuelt ein dag på kvar plass.



## **Store arrangement**

### *Kort om aktivitet:*

Det er mange store arrangement i og nær nasjonalparken og landskapsvernområdet. Og vi i oppsynet prioriterer å vere tilstades ved desse arrangementa for å sjå til at alt føregår på ein berekraftig måte. I dei fleste høve er vi i dialog med arrangørane både før, under og etter arrangementa.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

High Camp Turtagrø i mai, Fannaråken Opp i august, Målrock ved Utladalen Naturhus i august og Fjellfilmfestivalen ved Gjendesheim i september er dei fire største arrangementa. Det blir arrangert mange turar inn i nasjonalparken. I sjølve festivalområdet er lydnivået spesielt høgt under desse store arrangementa. Teltleirar slit på vegetasjonen. Dette ser ein spesielt no ved Gjendesheim etter fleire år med festival. Dette er eit område der forvaltningen i fleire år har lagt ned store ressursar i revegetering av stislitasje og steinsetjing av stiar. Påverknaden på dyre- og fuglelivet er vanskeleg å dokumentere. Men, det er tydeleg å sjå at villreinen i Turtagrøområdet trekkjer unna under High Camp-helga i den sårbare tida for villreinen i mai.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Viktig at oppsynet er tilstades og godt synleg ved dei ulike arrangementa. Viktig å halde fram den gode dialogen med arrangørane.

## **Informasjon og naturvegledning:**

### *Kort om aktivitet*

Informasjonsplakaten ved Eidsbugarden som i fjor vart produsert, men viste seg å ha for dårleg trykk, vart i år produsert på nytt og set opp ved sida av informasjonsplakaten til Vang kommune. For å skåne desse plakatane for dei store snømengdene om vinteren, vart baa plakatane plukka ned i oktober for oppbevaring i SNO,s lager i Vang fram til neste sommarsesong.

Også i år vart fleire verneområdeskilt ved grensene skifta ut Dei nye skilta tåler dårleg å stå meir enn eit par år, før dei flassar av.

Prøveprosjektet med egne naturvegledarar i Jotunheimen, som har vore vidareført sia 2009 vart ikkje tilført midlar i år. Det er sjølvsagt synd! Det vert lagt vekt på god naturvegledning av det faste oppsynet.

«Politikameratane», eit opplegg i regi av politiet i Årdal i samarbeid med Røde Kors, Årdal Tenk Tryggleik og SNO vart arrangert 4. – 5. juni.

«Barnas naturoppsyn», eit vegledingsopplegg i samarbeid med barneskulane i kommunane rundt Jotunheimen der ein fokuserar på sårbare artar og formidling i lokalmiljøet, vart starta opp i fjor og vidareført i Ringsdalen i slutten av september..

NRK har vore på besøk i Jotunheimen og Utladalen fire turar i år i samband med ein serie om SNO som vil komme på «Ut i naturen» vinteren 2016.

Ungdomsskulen i Lom har dei 15 siste åra vore i Avdalen og Årdal i tre dagar i september.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Informasjonsplakatar vert utsett for harde klimatiske tilhøve i høgfjellet, og dette krev jamnt ettersyn og utskifting. Turisthyttene har som regel minimal med plass for oppsetting av plakatar og anna informasjon.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Vidareføre produksjon og oppsetting av "roll-ups" ved turisthyttene i heile Jotunheimen. Vidareføre gode samarbeidstiltaka og utvikle nye når det gjeld naturvegledning. Ikkje minst gjeld dette «Barnas naturoppsyn».



Ny infotavlene ved Eidsbugarden



Barnas naturoppsyn frå Skjolden skule



Lom ungdomsskule på sin årleg tur i Utladalen Med NRK og tsjekkisk gruppe oppe på Piggen



## Tilretteleggingstiltak

### *Kort om aktivitet*

I år har det ikkje vore løyvd midlar til spesielle tilretteleggingstiltak slik det har vore i alle år sia oppstart av «Stiprosjektet i Jotunheimen» i 2005. Vi i oppsynet har som tidlegare sjekka utførte restaureringstiltak og utført reinsk av vassrenner, vøling av gjerder m.m. Stien inn til foten av Vettisfossen blir kvar vinter utsett for utrasing. Sist vinter var det ekstra ille og store steinar måtte ryddast vekk frå stien før den var farbar tidleg i mai. Ferdsele startar tidleg i nedre Utladalen.

Ved Utladalen Naturhus vart det søkt om eksterne midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til oppsetting av eit sikringsgjerde på elvekanten mot Uvla. SNO sette opp sikringsgjerdet i sommar.

Sikringsgjerdet oppe på toppen av Vettisfossen ber preg av «tidens tann».

Mange bruer vart øydelagt av store, tunge snømengder utover vinteren. Berre i Vest-Jotunheimen vart 8-9 bruer meir eller mindre knekt av snømengdene. DNT Oslo og Omegn stod for desse tiltaka da alle bruene er langs DNT's rutenett. Hengjebrau over Uvla ved Brendeteigen som vart øydelagt av flaum 28. oktober i fjor, vart bygd oppatt i vår. Brua vart heva vel 1 meter i høve til den gamle brua. Også dette tiltaket vart utført av DNT Oslo og Omegn.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Kraftig og mykje nedbør dei seinare åra gjer at både slitasje, erosjon og direkte skade vert meir omfattande enn normalt. Ting kan skje plutselig og utan forvarsel.

Sperregjerde og utkikksrampen ved toppen av Vettisfossen er bygd i treverk, delvis frå Vettismorki. Dette vart første gong utført i 2003 og seinare utbetra i 2009. Sikkerheita ved dette tiltaket avheng av tilstanden på trekonstruksjonen. Det trengs ei utskifting av både sperregjerde og utkikksrampa.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt neste år*

Vedlikehald av utførte restaureringstiltak.

Stien i øvre delen av Storutladalen bør vurderast lagt om til sørsida av dalen. Ein slepp da unna to bruer og terrenget er mykje meir tørrlendt.



Vøling av stien inn til foten av Vettisfossen



Våte myrparti langs stien i Storutladalen



Sikringsgjerde ved Utladalen Naturhus på elvekanten mot Utle

## **Skjøtsel**

### *Kort om aktivitet*

I samsvar med skjøtselplanane for heimre Utladalen og Gjendebuområdet vart det også i år utført omfattande slått, krattrydding, hogst og beite ved dei ulike kulturmarkene. Arbeidet er i hovudsak utført gjennom tenestekjøp. Også i år vart det i tillegg til dei faste tenesteytarane; Stiftinga Utladalen Naturhus og Lom fjellstyre, kjøpt tenester frå Utladalen sameige, Storådalen beitelag og Thomas Aslaksby (geit). Slåttehelga ved Gjendebu midt i august vart vidareført i år.

Skjøtselen i heimre Utladalen startar allereie tidleg i mars med rising av styva almetre. Nytt av året er eit samarbeid med tre husdyreigarar i Vestre Slidre og Vang om beiting med Vestlandsk Fjordfe i Vetti. Den 18. mai vart 11 oksekalvar transportert over fjellet og inn i Vettisgjelet. Før den tid vart alle gjerder i heile Vettisgrenda restaurert og forsterka med straumtråd. Tilsette ved Utladalen Naturhus var inne og sjekka kalvane og gjerde kvar dag heile beitesesongen. Oksekalvane vart flytta rundt på tre ulike beite heile sommaren fram til uttransport att 17. september. I tillegg gjekk tre hestar på beite ved Lauvhaugen.

I Avdalen gjekk 21 sauer på beite frå 21. mai til midt i oktober.

I slutten av juli vart det utført slått og hogst i Vormeli og stien frå Gjertvassdalen fram til Vormeli vart rydda for trefall og kratt. På Skogadalsbøen det hogd ein god del bjørkeskog i nordenden av bøen.

### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Kraftig og mykje nedbør gjer arbeidet tyngre og vanskelegare. Stor slitasje på maskiner og utstyr i til dels bratt og uvegsamt terreng.

### *Anbefalte oppfølgingspunkt for neste år*

Halde fram arbeidet med fjerning av einekratt, slått av kvea og styrt beiting med geit og storfe ved Gjendebu samt den årlege skjøtselen i heimre Utladalen, Vormeli, Guridalen og Skogadalsbøen. Vidareføre storfebeiting i Vetti.





Rising av alm i Avdalen i mars



Okseslepp i Vetti 18. mai



Oksekalfvane på beite ved Flaten



21 sauer på beite i Avdalen



Hestar på beite ved Lauvhaugen



Blomstereng ved Vetti vart slått etter avblomstring i juli



Kvea ved Gjendebu ved oppstart skjøtsel i 2004, og etter slått og beite i september 2015



Sau på haustbeite ved Skåri i september



Lauveng i Avdalen, ein prioritert naturtype

### **Diverse**

Ved Høgstulen vart det gamle sperregjerdet demontert, samla saman og lagt til lagring for uttransport å vinterføre av oppsynet. Neste år vil beitelaget sette opp eit straumgjerde på same staden.

Også i vinter har hjort og elg beita omfattande på ung alm.

Bjørkeskogen ved vestenden av Gjende er prega av bjørkemålarangrep, og mykje skog har tørka ut. Dette opnar opp for lyset og grasvokster gjev gode beiteforhold for storfeet.



Sperregjerde ved Høgstulen før demontering    Omfattande beiteskade på alm



Lysopen bjørkeskog etter bjørkemålarangrep gjev gode grasbeite.

## **2. Utkvittering av bestilte tiltak 2015**

Bestillinga frå Nasjonalparkstyret av tiltak frå SNO har i 2015 vore om lag som tidlegare. Oppdraga er rapportert gjennom tabellane på dei neste sidene.



## **Statens naturoppsyn (SNO)**

SNO er miljøforvaltningens operative feltorgan som er myndighetsutøver etter lov om statlig naturoppsyn av 21. juni 1996. Loven gir SNO-personell tilsynsmyndighet og ansvar for oppsyn med overholdelse av følgende miljølover; friluftsløven, naturmangfoldloven, motorferdselsloven, kulturminneløven, viltloven, laks- og innlandsfiskloven, markaløven og deler av forurensningsloven i hele landet, både på offentlig og privat grunn. Oppgaven er todelt og retter seg både mot tilsyn og overvåking av naturtilstanden og tilsyn med menneskets atferd i naturen i forhold til gjeldende regelverk.

Den nasjonale ledelsen i SNO ligger i Direktoratet for naturforvaltning (DN) i Trondheim og det heltidsansatte lokale naturoppsynet har arbeidssted tilknyttet sitt geografiske oppsynsområde, totalt 61 lokale kontorer, med til sammen 93 ansatte ved starten av 2011. Organisasjonen er delt i seks seksjoner; to kystseksjoner, to nasjonalparkseksjoner, en rovviltseksjon og en

